

Handlingsplan for pårørandearbeid i Time kommune

Vedtatt i Utval for levekår 19. april 2023



Handlingsplan for pårørandearbeid i Time kommune

Innhald

Handlingsplan for pårørandearbeid i Time kommune.....	1
1. Innleiing.....	2
2. Forankring i organisasjonen.....	2
2.1 Lovverk og rettleiar	3
3. Mål for handlingsplan for pårørandearbeidet	4
3.1 Mål for pårørandearbeidet i Time kommune er.....	4
3.2 Utvalde berekraftmål.....	4
4. Kven er pårørande	4
4.1 Barn som pårørande	4
4.2 Vaksne som pårørande	4
5. Hovudstrategiar og tiltak	5
5.1 Identifisering, ivaretaking og medverknad	5
5.2 Kompetanse og interesse hos tilsett – tryggleik i rolla som pårørande	5
5.3 Pårørande som ressurs	6
5.4 Tilstreккеleg støtte og avlasting	7
5.5 Barn og unge som pårørande	8

1. Innleiing

Time kommune ønsker gjennom Handlingsplan for pårørandearbeid å skapa ei felles retning for pårørandearbeid og styrka samspelet mellom pårørande og dei ulike kommunale tenestene som innbyggjarane kjem i kontakt med. I tråd med nasjonale føringar skal Time kommune anerkjenna pårørande som ressurs. Målsettinga er at vaksne som vert pårørande skal kunna kombinera å vera pårørande med vekst og utvikling i eige liv. Barn eller unge under 18 år skal ikkje ha omsorgsansvar. Godt samspel mellom det offentlege og dei pårørande for å skal skapa betre tenester for pårørande i kommunen.

I utarbeidinga av handlingsplanen har Samfunnsdel 2022-2034 vore relevant for arbeidet. I tillegg til Pårørandeveilederen og Strategi- og Handlingsplan «Vi – de pårørande», Regjeringa sin pårørandestrategi og handlingsplan.

Satsingsområda i Samfunnsdel 2022 – 2034 er:

- Me skal gjera det i lag
- Gode kvardagsliv for alle



Rolla som pårørande kan vera utfordrande, men og gjevande og utviklande

Om lag halvparten av alt omsorgsarbeid som vert utført, er gjort av pårørande

2. Forankring i organisasjonen

Handlingsplanen for pårørandearbeidet er utarbeida av ei tverrfagleg arbeidsgruppe som består av rådgjevar, kommunepsykolog og medarbeidarar som representerer tenestene i Helse og velferd.

Handlingsplanen for pårørandearbeidet er forankra i kommunaldirektøren si leiargruppe.

PPT, Barnevern, samt ved Familiesenteret og Ungdomsteamet har gitt innspel til planen.

Ungdomsrådet har delteke i kafédialog og samarbeidsutvalet i miljøtenesta har gitt innspel. Planen har og vore på høyring i heile organisasjonen

2.1 Lovverk og rettleiar

I følge Helsepersonelloven pliktar tilsette å kartlegga kven som er næraste pårørande og skal ivareta dei. Pårørande skal møtast individuelt og ut i frå den livssituasjonen dei er i.

Pårørande vert inviterte inn i helse- og omsorgsarbeidet som ein viktig samarbeidspartnar når tenestemottakar og pårørande ønsker det. Kommunen har ansvar for å sikra at helsepersonell har nødvendig kompetanse for å møta pårørande og deira behov.

I følge [Pårørandeveilederen](#) skal kommunen ha system som legg til rette for god informasjon og dialog med pårørande. Pårørande med særleg tyngande omsorgsarbeid har rett til rettleiing og opplæring. Dei kan i tillegg ha rett på ulike avlastingstiltak frå kommunen.

Til personar med særleg tyngande omsorgsarbeid skal kommunen tilby nødvendig pårørandestøtte i form av mellom anna opplæring, rettleiing, avlastingstiltak og omsorgsstønad

Handlingsplanen tek utgangspunkt i dei tre hovudmåla som Regjeringa legg vekt på i “Vi – de pårørende”.

Hovudmåla er:

- anerkjenna dei pårørande som ressurs
- kombinera rolla som pårørande med vekst og utvikling
- ingen barn skal stå i omsorgsoppgåver

I tillegg belyser planen:

- identifisering, ivaretaking og medverknad av pårørande
- kompetanse og interesse hos tilsette



Handlingsplanen
vert utarbeida med
respekt for lover og
plikter

3. Mål for handlingsplan for pårørandearbeidet

3.1 Mål for pårørandearbeidet i Time kommune er

- alle skal oppleve tryggleik i rolla som pårørande
- pårørande skal føla seg ivareteken av tilsette i helse- og velferdssektoren
- ingen barn skal måtte ta omsorgsansvar for familie eller andre
- utvikla tilsette sine haldningar, kompetanse og interesse slik at det vert ein naturleg og integrert del av tenestetilbodet
- finna balanse mellom pårørande som ressurs og behov for støtte og avlasting

3.2 Utvalde berekraftmål

Utarbeiding av handlingsplan for pårørandearbeidet for Time kommune er knytt tett opp mot arbeidet med FN sine berekraftmål. Utvalde berekraftmål for denne planen er



4. Kven er pårørande

4.1 Barn som pårørande

Helsepersonell skal ivareta mindreårige barn sine behov for informasjon og oppfølging som følge av foreldra eller søsken sin sjukdom, skade, rusmiddelavhengigheit eller fengselsdom. Barn er også pårørande dersom ein forelder eller eit søsken døyr. Helsepersonell skal kartlegga om tenestemottakar har mindreårige barn eller mindreårige søsken.

4.2 Vaksne som pårørande

Vaksne som pårørande kan vera ektefelle, partner, søsken, verje eller venn.

Helsetenesta skal avklara kven tenestemottakar vil ha som næraste pårørande.

Tenestemottakaren bestemmer sjølv kven som er næraste pårørande. Hen kan endra val av næraste pårørande.

Helsepersonell skal avklara kven som har foreldreansvar når tenestemottakar er under 16 år.

Både helsepersonell og andre tilsette møter barn som er pårørande. Kunnskap om barnet eller ungdommen sin situasjon er viktig.

5. Hovudstrategiar og tiltak

5.1 Identifisering, ivaretaking og medverknad

Time kommune har valt å ha ei vid tolking av omgrepet “pårørande”.

Helsetenesta skal avklara kven tenestebukar vil ha som sin næraste pårørande. Likevel er det viktig å skilja mellom den næraste pårørande og pårørande. Næraste pårørande har andre rettigheter enn andre pårørande i følge lovverket. Dette gjeld informasjon som samtykke, journalinnsyn og klage.

I tillegg til det som kjem fram i søknaden til kommunale omsorgstenester, vil god kartlegging og dialog med tenestebukar vera avgjerande for å forstå kven tenestebukar ser på som sine næraste.

Tidleg identifisering av pårørande vil ha betydning for eit godt samarbeid mellom tenestemottakar, pårørande og tenester frå kommunen.

Slik vil me ha det

- ha gode rutinar for identifisering av pårørande
- leggja til rette for at pårørande opplever seg ivaretatt og får moglegheit til medverknad.

Slik vil me gjera det

- identifisera pårørande og kartlegga tenestemottakar sitt nettverk i møte med nye tenestemottakarar
- i dialog, og med samtykke frå tenestemottakar, møta pårørande individuelt, og leggja til rette for at pårørande får uttala seg.
- gje informasjon, støtte og rettleiing samt formidla kunnskap om lovverk, støtteordningar og kommunale avlastingstilbod med meir.
- kvar verksemd sikrar skriftlege rutinar for arbeidet med pårørande

5.2 Kompetanse og interesse hos tilsett – tryggleik i rolla som pårørande

For at pårørande skal oppleva tryggleik, er kompetanse og interesse blant dei tilsette viktig i den vidare samhandlinga.

Slik vil me ha det

- trygga tilsette i samhandling med pårørande for å kunna gje gode individuelle tenester
- utvikla tilsette sine haldningar, kompetanse og interesse slik at dette vert ein naturleg og integrert del av tenestetilbodet
- tilsette må få moglegheit til å utvikla ferdigheiter til å samtala med pårørande om vanskelege tema som for eksempel alvorleg sjukdom og død, vald og overgrep.

Slik vil me gjera det

- peika ut ein “pårørandeansvarleg” i dei einingane som skal ha eit særskilt fokus på kunnskap om pårørande, og ha ein tettare dialog med for eksempel kommunepsykolog.
- laga eit nettverk for alle “pårørandeansvarlege” i kommunen
- den “pårørandeansvarlege” har årleg ein presentasjon og/eller deler noko nytt innan forskning, retningslinjer eller undersøkingar knytt til rolla som pårørande.
- tilby kurs/retteleing til tilsette. E-læringskurs “Familiestøtte - hvordan involvere pårørende” hos kompetansebroen.no
- leggja til rette for etisk refleksjon

5.3 Pårørande som ressurs

Pårørande skal oppleve at tilsette i kommunen anerkjenner dei som ein ressurs.

Pårørande kan vera ein sentral støttespelar og bidragsytar for familiemedlemmane sine eller andre nære ved at dei kjenner den enkelte sine behov.

Pårørande kan ha fleire roller, både som avlastar, omsorgsperson og avgjerdstakar for behandlingssløpet.

Slik vil me ha det

- ha gode system og rutinar som vil leggja til rette for informasjon, samtale og dialog med pårørande, kor ein kan henta inn erfaringar som kan verta brukte i vidare oppfølgingsarbeid for tenestemottakar
- alle pårørande skal verta ivaretekne, uavhengig av kultur, religion og livssyn

Slik vil me gjera det

- gje god tilgang til informasjon om støtteordningar for pårørande i krevjande omsorgsroller
- oppretta samarbeidsutval i verksemdar kor det er hensiktsmessig
- setta samhandlinga i system saman med pårørande

5.4 Tilstrekkeleg støtte og avlasting

Det vil vera viktig å ha dialog med pårørande i oppstarten og i løpet av tenesteytinga til tenestemottakar. Situasjonen ein står i som pårørande er ofte i endring. Tilstanden hos tenestemottakar kan verta betre eller dårlegare over tid.

Slik vil me ha det

- ingen pårørande skal stå i omsorgsoppgåver som er så krevjande at det vert til hinder for deltaking i yrkesliv eller utdanning og/eller at det går ut over eiga helse, velvære eller trivsel.
- gje informasjon og rettleiing om det kommunale hjelpeapparatet, rettar og støtteordningar, inkludert avlastingsmoglegheiter for barn, unge og vaksne
- gje informasjon om ulike brukar- og pårørande-organisasjonar
- gjera informasjon til pårørande lett tilgjengeleg på kommunen sine nettsider

Slik skal me gjera det

- setta opp faste møte med pårørande for samhandling og dialog. Møta skal individuelt tilpassast avdelinga og den pårørande.
- ha gode samtalar og god kartlegging for å henta inn kunnskap om endringar hos tenestemottakar og/eller hos den pårørande.
- leggja til rette for samlingar for pårørande
- prøva nye avlastingstilbod som er tilpassa pårørande og familien



Pårørande kan ha krav på økonomiske støtteordningar

5.5 Barn og unge som pårørande

Den nasjonale rettleiaren understrekar at ingen barn og unge skal stå i omsorgsoppgåver overfor familie eller andre.

Kommunen har plikt til å leggja til rette for å fanga opp og følgja opp barn som pårørande til foreldre eller søsken. Helsepersonell har plikt til å

- avklara om tenestemottakar har barn eller mindreårige søsken
- avklara barnas omsorgssituasjon og informasjonsbehov
- gje råd og rettleia foreldre og andre med foreldreansvar
- planlegga og gjennomføra tiltak i samarbeid med forelderen

Tilsette som møter barn og unge på ulike arenaer plikter til å handla i tråd med [Betre tverrfagleg innsats for barn og unge i Time kommune](#) om det oppstår bekymring. God kartlegging er viktig for å få tak i bekymringane, og her vil barnet sin status som pårørande

inngå i kartlegginga. Ein må sjå på alvor, lengde og tematikk for å kunna setta inn treffande tiltak.

Slik vil me ha det

- tilsette har kunnskap om barn og unge som pårørande
- tilsette skal kunna identifisera barn og unge som pårørande

Slik vil me gjera det

- kartlegging og open dialog med tenestemottakar som har barn eller søsken, men også foreldre dersom tenestemottakar sjølv er barn.
- sikra rutinar som avdekkjer pårørandestatus og korleis dette påverkar psykisk og fysisk helse
- kommunen nyttar rettleiar for Betre tverrfagleg innsats (BTI) som er tilgjengeleg på kommunen si nettside. Det kan òg nyttast av innbyggjarar ved bekymring.
- sikra at tilsette har kunnskap om ulike tilbod for barn og unge som er pårørande.
- pårørandegruppe ein gong i året hos Familie-senteret
- samhandlingavtale mellom helsestasjon og Meistringssenteret